



Møtereferat styringsgruppa for Sogn for alle

Møte nr. : 1/2021

Møtedato: Tysdag 09. februar 2020

Tid: Kl. 12 – 13

Stad: Teams

Deltakarar:

Rådmann: Øistein Søvik, Vik kommune

Flyktingteneste: Turid Stigen Sørensen, fagleiar Aurland/Lærdal flyktingteneste i NAV

Næringsapparat: Torgeir Skålid, dagleg leiar Sogn Næring

Vidaregåande skule: Torill Thorbjørnsen, rektor Høyanger vidaregåande skule

Vestland fylkeskommune: Jan Heggheim, fagdirektør, avdeling for innovasjon og næringsutvikling

NAV: Sara Johnsborg, leiar NAV region Sogn

Frivillig organisasjon: Bjørg Eikum Tang, Sogndal Røde Kors

Næringsliv: Tom Dyrdal, Avery Dennison NTP

Sogn regionråd: Karina Nerland, dagleg leiar og Heidi Myrvold, prosjektleiar

Forfall: Ordførar: Hilmar Høl, Årdal kommune

Sak 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste
Referat frå møte 30.9.2020 – Ingen spørsmål eller kommentarar.

Sak 2/21 Arbeidsgruppene – status i arbeidet ved/ ansvarlege i arbeidsgruppene:

Språk og utdanning:

- Realkompetansevurdering – ønske om å etablere eit regionalt team som skal gje realkompetansevurdering slik at fleire får kompetanse til å gjere desse vurderingane. Det er travle tider for skulesektoren og dette tema vert teke opp att med dei til hausten.
- Norskurs B2 («Bergentesten») som gjer at dei kan få godkjent utdanninga dei har frå før. To kommunar har meldt tilbake om at dei har erfaring og kompetanse til å tilby norskurset. Innhenting av tilbod vert sendt neste veke

Arbeid:

- Mentorprogram – fire bedrifter og 12 deltakarar er med i mentorprogrammet. Fleire bedrifter ønskjer å vera med i neste omgang. Vil starte opp nytt program i 2021.
- Etableraropplæring – tilbod vert henta inn hjå lokale aktørar. Vi ønskjer å bygge opp lokal kompetanse i rettleiing av minoritetsspråklege etablerarar. Opplæringa vil spele på kompetanse i dei kommunale næringsapperata.



SOGN REGIONRÅD

- Nettverk for mangfaldig bedriftsnettverk – grunna koronasituasjonen er oppstart satt på vent. Imdi har ny ordning. Nettverk inngår i oppdragsbrevet frå fylkeskommunen til Innovasjon Norge. Dette gjev oss gode moglegheiter til samarbeid med bedriftene.

Familie og fritid:

- Foreldrerettleiing – ønskjer å få til eit fagleg nettverk for å styrke foreldrerettleiing av minoritetsspråklege. Opplegget skisserer felles opplæring og fagleg samarbeid
- Frivillig sektor: det er planlagt aktivitet som er sett på vent. Kontakt er oppretta med NFF, Sogn og Fjordane.

Bustad:

- Tilflyttartenesta er eit av områda det vert jobba med. Ein ønskjer å byggje vidare på erfaringane som vert gjort i Årdal kommune. Tema vert spelt inn til rådmannsgruppa. Distriktsenteret bidreg på det møte.
- Planlagt møte med Husbanken, mellom anna om «å leige for eige».
- Bustadstrategi for Sogn - gruppa vil kople seg på bustadarbeidet som alt er gjort. Møte med det regionale plannettverket i mars.

Sak 3/21 Informasjon frå prosjektleiar

- Det er søkt midlar til mentorprogrammet og etableraropplæring. Det vert også søkt midlar til foreldrerettleiing og midlar på IMDI si tilskotsordning «Jobbsjansen».
- Prosjektleiar informerer om at ho går attende til jobben i NAV som ho har permisjon i frå fram til 1. mai.

Sak 4/21 Innspelsrunde

- I fylkesordføraren sitt Nyttårsmøte presenterte Hilmar Høl *Sogn for alle* og arbeidet blir lagt merke til.
- *Sogn for alle* er tema i møte med næringsansvarlege og fylkeskommunen 19.2.

Sak 5/21 Møteplan: Neste møte 8. april kl 12-14.